

## Konseptskildring

Akademiet Eikanger-Bjørsvik vart stifta 4. april 2016.

Bakgrunnen for å opprette ei stifting var ynsket om å sikre vidareføring og utvikling av den kulturarven Eikanger-Bjørsvik Musikklag er ein del av: korpskulturen. Gjennom ei ideell stifting kan me både styrke korpsa og vera med på å gje arbeid til alle dei dyktige freelancemusikarane og pedagogane som finns i fylket vårt.

Allereide frå oppstartsdatoen fekk AEB spørsmål om undervisningstenester frå korps i regionen, og i 2016 hadde AEB ei omsetning på 186.700,-.

Dette viser at behovet for undervisning er stort, og at AEB har livets rett.

I 2016 har AEB levert enkeltundervisning, gruppeundervisning, dirigentkurs og kortkurs i organisasjonsutvikling med stor suksess. Utfordringa er berre at dei fleste skulekorpsa slit med dårleg økonomi. AEB ynskjer å kunne tilby sin undervisning til sterkt subsidiert pris.

I løpet av første driftsår, vart det gjennomført ei kartlegging av behov hjå eit utval skulekorps i regionen vår.

Behov som gjekk igjen hjå dei fleste var nybegynnaropplæring, vidareutvikling av dirigent og arrangørkompetanse. Svært viktige og grunnleggande moment.

Akademiet Eikanger-Bjørsvik ynskjer å styrka undervisningplattformen for skulekorps i Hordaland innan:

- Nybegynnaropplæring
- Dirigentundervisning
- Arrangørkompetanse og organisasjonsutvikling.

For at kvart korps skal få den oppfølginga dei treng, tenker me oss at prosjektet er 3-årig.

Med von om positiv handsaming

Sølvi Ones

Akademiet Eikanger-Bjørsvik